



# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2280  
Klubbnr. 12713



Månedsbrev for februar 2008.

Årgang 43

<http://www.hareid.rotary.no>



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Åge Nytun  
Visepres: Johan Ole Brandal  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Hans Gisle Holstad  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Styremedlem: Vigdis Riise  
Ansv.red.: Oddvar Haugen  
Referent: Vigdis Riise

---

#### Fødselsdagar i februar.

Ågot Riise	05. februar
Jan Håvard Nytun	16. februar
Sigurd Lynge Bigset	21. februar

#### 100 % frammøte i februar.

Øystein Alme, Johs. J. Hareide, Odd Arne Holstad,  
Svein Kleppe, Arve Richard Røyset, John Stennes,  
Håkon Brekke, Svein Johs. Flø, Arne G. Grimstad,  
Otto Holstad, Elias Sellevoll, Egil Utgård og Vigdis  
Riise

#### Frammøteprosent i februar.

68,6 %

---

---

## HAR IKKE OGSÅ DU

Har ikke også du undertiden  
i kirken, på fjeldet,  
når alt med engang taug,  
hørt det lisom hviske, nynne, kvindre,  
ja mylre udover fra gjemte bur,  
fugle flyve ud.

Jeg tror, at det

er vår i dig selv.

Vår, som har hvilet,

vår, som vågner,

vår, som vil visne,

hvis den ei vækkes.

Sigbjørn Obstfelder

---

## **Mandag 4. februar**

### **Karin Holstad: Reise til Australia.**

President Aage ønskte alle velkomne og vi åpna møtet med ”Blant alle lande”, noko som passa godt sidan Karin skulle fortelje frå ei reise til og i Australia. Men før dette bad Aage om forslag til nokon som fortente ein ”Paul Harris” og han bad også om at vi kom med forslag til nye medlemmer – helst kvinner.

Karin Holstad fortale denne kvelden frå si 3 veker lange reise til Sør Australia der ho skulle vitje dotter Ingrid som er Rotary sin utvekslingsstudent i ein liten by som heiter Birdwood og som ligg ca. 45 km nordaust for Adelaide. Karin reiste saman med si yngste dotter; Martine og dei hadde hatt ein fantastisk tur.

Dei fekk ei hjarteleg mottaking av Ingrid sitt vertskap og andre Rotaryvener allereie på flyplassen der dei også fekk servert frukost!! Dei budde hos vertskapet til Ingrid, men var på gjesting rundt til fleire av Rotary sin medlemmer i byen.

.Vidare utover i ferien vart dei guida rundt i distriktet av rotarymedlemmene både til bilmuseum, store vingardar (Jacobs Creek), uendelege badestrender og ein flott 3 dagarstur til Melbourn og nordover langs ein spennande kystveg.

Dei fekk også vere med på Rotarymøte med program og full middag. Før dei reiste heim var Karin og jentene også med på feiring av Australian Day (25/26 jan) der også Ingrid og Martine underheldt med norske songar ! m.a. ”Ja, vi elsker”.

## **Mandag 11. februar**

### **Trygve Riise: Intercity møte Stranda**

President Aage hadde ferie, og Johan Ole Brandal var vikar denne kvelden der vi åpna med å synge ”De nære ting”!

Trygve Riise fekk så ordet og orienterte frå intercity møtet som vart halde på Stranda laurdag 26. januar der 4 frå Hareid Rotary var med. Stranda Rotary var arrangør og det var stor interesse (ca. 80) for møtet der det skulle handle om Åknes/Tafjordprosjektet ” Om rasfare og beredskap i Storfjordområdet i samband med rasfaren frå Åkneset og Heggurdaksla”.

Det vart i hovudsak orientert om Åkneset og det var prosjekleiar Kjell Jogerud som hadde hovudinnlegget. Det var imponerende å høyre om det omfattande arbeidet som er i gong oppe i fjellsida med m.a. tillaging av landingsplassar for helikopter som skal nyttast til transport av utstyr og bygging av overvåkingsentral .

For å måle endringane i fjellsprekka ved Åkneset nyttar dei 3 metodar. Det er stag som er sett opp fleire stader langs sprekkane som måler endringane i cm og mm, det er lasermåling og satelittmåling(Gms). I tillegg har dei gjennomført boring 150m nedover fjellet ved sprekkane for å sjå lagdelinga som kan føre til utgliding. Desse lagskilja går på skrå ned mot fjorden, difor er denne sida meir utsett for ras enn den andre sida av fjorden.

Når eit ras vil gå, og kor stort det vil bli, er vanskeleg i dag å sjå, men med dei måleinstrumenta dei no er i ferd med å setje opp, vil dei kunne få klare varsel/signal i forholdsvis god tid.

Utifrå ein modell som er under bygging i Trondheim så vil eit evt. ras der inne kunne føre til at vi her på Hareid vil kunne få ei bølge som vil bli mellom 1 og 3 m høg!!

Nytting og interessant innlegg.

**Mandag 18.februar**  
**Jostein Strand: Egoforedrag**

Vi åpna møtet med "Vi vandrer med freidig mot", og President Aage orientert om diverse referatsaker: m.a. påminning om kandidat til Paul Harris og innbyding frå Uranienborg Rotaryklubb i Oslo til musicalen "Singing in the Rain"!

Jostein Strand er 47 år, fødd og oppvaksen bak ein butikdisk på Eidså i Vanylven kommune der faren var bestyrar/butikksjef på Eidså Samykjelag.

Etter VGS i Volda var han litt skuletrøytt og fekk jobb hos Ervik-rederiet og drog på tråling. Men etter nokre turar ville han tilbake til Volda og gjorde seg der ferdig med handelsutdanning for så å få seg stilling som butikksjef i Sogn og deretter til Mega Hareid. Her møtte han Tove Hauknes og dei gifte seg i 1985, fekk 4 born og slo seg ned med eige hus på Gjerdefeltet. I 1987 fekk han jobb i Sunnmørsbanken på Larsnes og etter ei kort peride der, var vegen kort til Djupvik Konfeksjon i 1988 der han etterkvart vart leiar for bedrifta.. Denne bedrifta er no Fristads Norge og har 55 tilsette. Det har vore spennande og utviklande år, og no 1. mars skal han ta til i ny stilling som adm.dir. i Wenaas AS i Måndalen. Wenaas produserer arbeidskle, men meir og meir fritidskle og dette vert produsert i Polen, St Petersburg og i Kina. Jostein skal dagpendle til Måndalen,men skal også ha eit "nærkontor" på Hareid.

**Mandag 25.februar**  
**Programfritt.**

Arne G. tok opp tonen til "Sølvet" og Aage minte oss om at fristen snart går ut for forslag til nye medlemmer. Han kunne også opplyse om at Hareid Rotary låg på 12. plass på frammøtestatistikken i regionen med 65,6 % i 2007. Bjugn var best med 86 %. Medlemstalet vart redusert med 10 i regionen, og Ålesund var på topp med auke i medlemstalet.

Sverre Bjåstad orienterte litt om programmet framover og inviterte alle til å ta med ektefelle/sambo gjennom nye Eiksundtunellen til Åsentunet den 14. april der vi får orientering og omvising med høve til å kjøpe kaffi m.m.

John Stennes orientert så om Georgiastipendet som Rotary Norge tilbyr kvalifiserte studentar som vil studere ved eit universitet i Georgia USA.